



POLITISK DELEGASJONSREGLEMENT

for

**ØYGARDEN KOMMUNE
2016 -2019**



Vedteke av Øygarden kommunestyre 14. desember 2016 - KS. 111/16

INNHALDSLISSTE:

Framsida.....	1
Innholdsliste.....	2,3
KAP. 0 BAKGRUNN	4
0.1 Bakgrunn, politisk organisering.....	4
0.2 Oversikt over lover og føresegner.....	5
0.3 Delegasjon.....	6
KAP. 1 DELEGASJONSREGLEMENT GENERELLE REGLAR	8
1.1 Føremål.....	8
1.2 Retningsliner for utøving.....	8
1.3 Tilbakekalling av fullmakt i enkeltsaker	8
1.4 Rett til å la vera å gjera bruk av delegert mynde.....	9
1.5 Omgjeringsrett.	9
1.6 Krav til kvalitet og sakshandsaming.....	9
1.7 Vidare delegasjon.	9
1.8 Klagerett.....	9
1.9 Oppdatering av reglementet.	9
KAP. 2 KAN IKKJE DELEGERAST	9
KAP. 3 DELEGASJON TIL FORMANNSKAPET	9
3.1 Generell delegasjon.....	10
3.2 Delegasjon til formannskapet i økonomisaker.....	10
3.3 Delegasjon til Formannskapet i personal- og organisasjonssaker.....	10
KAP. 4. DELEGASJON TIL UTVAL FOR LEVEKÅR	10
4.1 Generell delegasjon.....	10
4.2 Delegasjon i økonomisaker,	10
4.3 Delegasjon -formidlingslån til husbanken.....	10
KAP. 5 DELEGASJON TIL UTVAL FOR DRIFT OG SAMFUNNSUTVIKLING	10
5.1 Generell delegasjon:.....	11
5.2 Delegasjon i økonomisaker,	11
KAP. 6 DELEGASJON TIL ANDRE UTVAL	11
6.1 Delegasjon til Kontrollutval.....	11
6.2 Delegasjon til Valnemnda.....	11
6.3 Delegasjon til Valstyret.....	11
6.4 Delegasjon til Administrasjonsutvalet.....	11

6.5 Delegasjon til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	12
6.6 Delegasjon til Skattetakstnemnd.....	12
6.7 Delegasjon til Overskattetakstnemnd.....	12
6.8 Delegasjon til Forliksråd.....	12
6.10 Delegasjon til Eldreråd.....	12
KAP. 7 DELEGASJON TIL ORDFØRAR	12
KAP. 8 DELEGASJON TIL RÅDMANN	12
8.1 Generell mynde.....	12
8.2 Personal- og organisasjonssaker	13
8.3 Økonomi.....	13
8.4 Etter særlover.....	13
8.5 Fullmakt.....	13
8.6 Permisjon.....	13
KAP.9. REVISJON	13
9.1 Revisor.....	13
KAP.10. OVERSIKT OVER DELEGASJON I TABELL	13
10.1 Saker der Kommunestyret tek avgjerd.....	14
10.2 Saker der Formannskapet tek avgjerd.....	18
10.3 Saker der Utval for Levekår tek avgjerd.....	19
10.4 Saker der Utval for Drift og Samfunnsutvikling tek avgjerd.....	19
10.5 Saker der ordførar handlar og tek avgjerd.....	20
10.6 Saker der rådmann tek avgjerd.....	21
10.7 Delegasjon etter plan- og bygningslova.....	23
KAP. 11 RETNINGSLINJER FOR BRUK AV AD HOC UTVAL OG POLITISKE ARBEIDSGRUPPER I ØYGARDEN KOMMUNE (vedteke av kommunestyre 14.12.2016 sak KS. 111/16)	23
KAP 12. OVERSIKT OVER POLITISKE ORGAN I ØYGARDEN KOMMUNE	24


KAP. 0 BAKGRUNN

0.1 BAKGRUNN, POLITISK ORGANISERING

Øygarden kommunestyre vedtok, 04.11.2015, i KS-sak 77/15: Ny politisk utvalsstruktur. Denne byggjer i hovudsak på same struktur som fungerte ved utgangen av førre kommunestyreperiode. Nokre viktige endringar:

- «Planuvalet» vart lagt ned og oppgåvene flytta til andre utval
- «Komite for teknikk» endra namn «Utval for Drift og Samfunnsutvikling» med same saksportefølje samt store delar av det tidlegare planutvalet sine oppgåver
- «Komite for levekår» endra namn til «Utval for Levekår» med same saksportefølje unntate nærings sakene som vert overført til formannskapet

Saksporteføljen for Formannskap, Utval for levekår og Utval for Drift og Samfunnsutvikling er då slik for denne perioden i hht KS. 77/15:



Kommunestyre gjorde i KS. 66/14 frå møte 5. november 2014 vedtak om å leggja ned tre utval (fast plan- og byggjenemnd, natur- og miljøutvalet og næringsutvalet) og overføre mynde til andre utval/komitear. Dette reglementet inkluderer desse vedtaka saman med andre justeringar som følgje av lovendingar / føreskrifter / naturleg bortfall av nemnder m.v.

I kommunestyresaka 4. november 2015, ligg det føringar på at formannskapet har ansvaret for førebuing og fremjing av kommunedelplanar og «Utval for Drift og Samfunnsutvikling» tilsvarande for arealplanar i hht plan- og bygningslova.

Slik er den politiske organiseringa pr. januar 2016:

Kommunestyret.....	23 representantar
Kontrollutvalet.....	5 representantar
Formannskapet.....	5 representantar
Utval for levekår	7 representantar
Utval for Drift og Samfunnsutvikling	7 representantar
Ungdomsrådet, Eldrerådet og RFF.....	5 representantar

0.2 OVERSIKT OVER LOVER OG FØRESEGNER

1. Kommune-lova
2. Vallova
3. Budsjett- og rekneskapsføresegnene
4. Forvaltningslova
5. Målbrukslova
6. Ligningslova
7. Straffelova
8. Skjønnsprosesslova
9. Skattelova
10. Industrikonsesjonslova
11. Vassressurslova
12. Vassdragsreguleringslova
13. Tinglysningslova
14. Eiendomsskattelova
15. Lov om midlertidig tillegg til eiendomsskattelova
16. Domstolslova
17. Serveringslova
18. Skattebetalingslova
19. Konsesjonslova
20. Odelslova
21. Jordlova
22. Skogbrukslova
23. Viltlova
24. Matlova
25. Naturmangfaldslova
26. Motorferdsel i utmark og vassdrag
27. Drikkevassforskrifta
28. Kommunale vatn- og kloakkavgifter
29. Forureiningslova
30. Friluftsløva
31. Hundelova
32. Film og videogram
33. Folkebibliotek
34. Opplæringslova
35. Barnehagelova
36. Sosialtenestelova
37. Husbanklova
38. Lov om kommunale eldreråd
39. Barnevernslova
40. Alkohollova
41. Plan- og bygningslova
42. Eigarseksjonslova
43. Arbeidsmiljølova
44. Brannvernlova
45. Brannfarlege varer
46. Eksplosive varer
47. Veglova
48. Vegtrafikklova
49. Beredskapslova
50. Plantehelse
51. Plantevernlova
52. Psykisk helsevernlova
53. Forpaktninglova
54. Lov om stadnamn
55. Føresegn om miljøretta helsevern i skular og barnehagar
56. Smittevernlova
57. Matrikkellova
58. Laksefiske og innlandsfiske-lova
59. Energilova
60. Hovudavtalen
61. Økonomi
62. Folkehelse-lova
63. Offentleglova
64. Kommunal beredskapsplikt
65. Ymse

0.3 DELEGASJON

Hovudprinsipp

Delegasjon av mynde er å gjera arbeidsformer og vedtaksprosessar tenlege og effektive. Delegasjon frå kommunestyret til politiske organ gjev politikarane meir tid til å drøfta prinsipielle saker og vedta planar og retningslinjer. Ved å delegera mynde til administrasjonen ved administrasjonssjefen for avgjerd i kurante saker, der avgjerda følgjer direkte av lov, føresegn/regelverk eller frå kommunen sine eigne planvedtak eller retningslinjer, oppnår ein at politisk organ får nytta meir tid til prinsipp saker, plansaker og utviklingssaker.

Administrasjonen kan sameleis gjera betre bruk av ressursar for tilrettelegging av prinsipp saker, skjønsprega saker og andre spørsmål som må handsamast av politisk organ.

Prinsipiell sak:

Avgjerd som krev ei breiare skjønsmessig vurdering, der det er politiske vurderingar eller prioriteringar, der ein innleier ein ny praksis eller avgjerder medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet.

Kurante saker:

Avgjerder som er fagleg prega og følgjer lov, føresegn, regelverk og kommunen sine eigne plan- og retningslinjer og vedtak, og ut frå dette har lita grad av skjønn, vert rekna som kurante saker. Sakene må ikkje ha økonomiske konsekvensar utover dei økonomiske rammene for planlagt aktivitet.

Dersom det er uklårt om ei sak er prinsipiell eller kurant, skal rådmannen avklara dette med ordførar. Dei avklaringar som vert gjort utviklar ein praksis som supplerer reglane i delegeringsreglementet. Sjå elles eige avsnitt under om køyrereglar for avklaring omkring prinsipielle saker.

Oppgåvefordeling

Når kommunestyret fastset oppgåvefordeling i organisasjonen, skal følgjande gjelda som hovudprinsipp:

Kommunestyret har vedtaksmynde i overordna planar, ved fordeling av ressursar mellom ulike tenesteområde/einingar, i reglement som er vesentleg for prioritering av tenesteproduksjonen, i reglement for politisk styringssystem, i alle prinsipielle saker som ikkje er positivt delegert, i reglement/hovudprinsipp for kommunale tilskotsordningar.

Utarbeiding av delegasjonsreglement

Følgjande prinsipp er lagt til grunn ved utarbeiding av delegasjonsreglementet i Øygarden kommune: Tydeleg ansvar og mynde, avgjerdsmynde på lågast mogleg nivå, effektiv vedtaksprosess, sikra likskap og rettar til publikum, og gode rutinar for rapportering ved utøving av mynde.

Målsetjing

Øygarden kommune sitt delegasjonsreglement skal utgjera dei kjørereglane kommunestyret fastset for å skapa nødvendig klårleik i ansvars-, mynde -og oppgåvefordelinga mellom dei ulike politiske organa og i høve til administrasjonen ved rådmannen. Reglementet skal leggja tilhøva til rette for lokalpolitisk styring og effektiv tenesteyting, forvaltning og administrasjon. Elles har reglementet følgjande målsettingar:

- Vitalisering av kommunestyret
- Effektiv og god saksbehandling
- Vedtaksmynde nær brukarane
- Styrkja rettstryggleiken for brukarane
- Sikra gode rutinar med tilbakerapportering mellom organ som har delegert mynde.

Alminnelege bestemmelsar

Med delegering vert det i dette reglement meint som overføring av mynde frå kommunestyret til politiske utval eller rådmannen til å fatta avgjerder på ulike område. Tidlegare vedtak om delegering vert oppheva og erstatta av dette reglement.

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ og har overordna ansvar for heile kommunen si verksemd. Kommunestyret har avgjerdsmynde i alle saker som ikkje er delegert til politiske utval eller rådmannen med mindre særlov bestemmer noko anna. Kommunestyret kan, som kommunen sitt øvste lovfesta organ, krevja å få seg førelagt ei kvar sak, sjå kommunelova §6. I reglementet er det gjeve ei framstilling i dei saker kommunestyret skal handsama..

Alle saker, som etter dette reglement ikkje skal handsamast av kommunestyret, vert delegert frå kommunestyret til politiske utval eller til rådmannen. All delegering til administrasjonen skjer til rådmannen. Saker av prinsipiell betydning vert delegert til politiske utval, medan saker som ikkje er prinsipielle vert delegert til rådmannen. Når ikkje anna spesifikt er sagt, kan rådmannen delegera sitt mynde vidare til einingsleiarar og andre i samsvar med eige reglement.

Klage på enkeltvedtak fatta av rådmannen eller av eit politisk utval vert først lagt fram for det vedtakande organ til ny vurdering. Dersom vedtaket blir oppretthalde går klaga til kommunen sitt klageorgan som er formannskapet eventuelt kommunestyret. Dersom særlov har eigne reglar om klagehandsaming, går desse føre. Delegering av mynde inneber ikkje fråskrivning av ansvar. Kommunestyret kan sjølv fatta vedtak på vedkomande saksområde utan å trekkja attende delegert mynde. Det same gjeld saksområde der rådmannen har delegert vidare sitt mynde.

Formannskapet, Utval for Levekår, Utval for Drift og Samfunnsutvikling, Administrasjonsutvalet og eventuelt andre utval (t.d. Eldrerådet, Rådet for menneskje med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet) gjev innstilling til kommunestyret i saker som skal handsamast der. Ordføraren kan også bestemma at saker skal leggjast direkte fram for kommunestyret utan forutgåande handsaming i andre organ.

Ordføraren underteiknar på vegne av kommunen i hlt kommunelova § 9 nr. 3. Dette inneber at ordføraren representerer kommunen ved ulike høve og er kommunen sin rettslege representant i alle høve kor myndet ikkje er tildelt andre.

Rutine for rullering av delegasjonsreglementet: Ved oppstart av ny kommunestyreperiode skal delegasjonsreglementet, møtereglementet og reglement for godtgjering til folkevalde, evt. andre tilsvarende reglement gjennomgåast og gjerast vedtak om i kommunestyret. Dei nye reglementa blir gjeldande for resten av kommunestyreperioden. Kommunelova §39 andre ledd:

«Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmynde og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.»

Rådmann, administrasjon og innbyggjarane sine roller

På same måte som ordføraren, har også rådmannen eit spesielt ansvar for å sjå til at kommunikasjonen mellom administrativt og politisk nivå fungerer godt. Rådmannen kan foreslå at spesielt vanskelege saker vert løfta til politisk nivå, sjølv om avgjerdsmyndet i prinsippet er delegert til administrativt nivå ved rådmannen.

Omdømmebygging, serviceåtfærd, openheit og audmjukskap i alle delar av organisasjonen er påkravd for at innbyggjarane skal oppfatta administrasjonen som ein likeverdige part som lyttar før konklusjonen vert trekt. Informasjon om regler og rutinar skal gjevast på ein venleg måte. Rådmannen ser til at alle tilsette som har kontakt med innbyggjarane, innehar eller utviklar nødvendig sosial og fagleg kompetanse. I ei kvar sak skal sakshandsamingsrutinane verta følgd (som reglane om svarfristar og liknande.)

Kommunen si heimeside og sosiale medier skal brukast aktivt til å informera innbyggjarane om kommunen si verksemd, her under leggja ut sakslister, sakspapir, møteprotokollar m.v. Heimesida skal alltid vera oppdatert.

Forventningsavklaring på politisk og administrativt nivå: Det er eit mål å oppnå best mogeleg samsvar mellom innbyggjarane sine forventningar til kommunal tenesteyting og den reelle tenesteytinga kommunen er i stand til å gje ut frå vedtekne budsjett og rammer. I denne samanheng er det viktig at administrasjonen – og dei folkevalde – bidreg aktivt til at innbyggjarane får informasjon og rettleiing som er i samsvar med fakta ut frå gjeldande vedtak. Samstundes må både dei folkevalde og administrasjonen fortløpande vurdere tenesteytinga sitt omfang og kvalitet i høve til innbyggjarane sine behov.

Framgangsmåte for å avgjera om ei sak er prinsipiell

1. Dersom det er tvil om ei sak er av prinsipiell betydning, eller dersom det er tvil om korleis ei slik sak av prinsipiell betydning skal verta handsama i det politiske system, har ordføraren og rådmannen ansvaret for å avklara dette. Det er likevel ordføraren som til sist har ansvaret for å avgjera om ei sak er prinsipiell eller ikkje.
2. Dei avklaringar som vert gjort gjennom handsaminga av slike tvilstilfelle, utviklar ei sedvane som går fram av døma på saker av ikkje prinsipiell karakter.
3. Dersom kommunen får ekstraordinære inntekter med høve til å prioritera tiltak og økonomisk fordeling innanfor ei gitt totalramme, skal det alltid leggjast fram eiga sak til politisk handsaming.
4. Det kan også bli laga egne reglar (vedtekter) for handsaminga av bestemte sakstyper som går att med jamne mellomrom.
5. Dei politiske utvala v/ordføraren og utvalsleiarane skal samarbeida med rådmannen og leiargruppa om å utarbeida oversyn over kva saker som vert sett på å vera av prinsipiell betydning og kva saker som i dei fleste tilfelle ikkje er det. Slike oversyn vert då retningsgjevande for sakshandsaminga. Det fråtek likevel ikkje administrasjonen ei generell plikt til å vurdere ei kvar sak ut frå sitt konkrete innhald, for på den måten å avklara om det er ei ikkje prinsipiell sak. Ordføraren skal i den fortløpande dialogen med rådmannen samhandla med utvalsleiarane om å finna dei rette døma, og sjå til at rådmannen følgjer opp administrativt.
6. Det kan som utgangspunkt vera nyttig i sonderinga mellom prinsipiell/ikkje prinsipiell sak å spørja om det til grunn for avgjerda trengs meir enn ein fagleg og/eller regelbunden vurdering eller handsaming. Kjem ein inn på politiske vurderingar og prioriteringar er ein over i prinsipielle saker. Vidare er det ein føresetnad at sakshandsamaren konfererer med sin overordna når det er tvil om ein sak er prinsipiell eller ikkje.

KAP. 1 DELEGASJONSREGLEMENT – GENERELLE REGLAR

1.1 FØREMÅL

Delegert mynde skal utøvast i samsvar med kommunestyret sin intensjon.

1.2 RETNINGSLINER FOR UTØVING

All delegert mynde må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer gjevne av overordna organ, og innfor godkjende budsjetttrammer og føresetnadar.

1.3 TILBAKEKALLING AV FULLMAKT I ENKELTSAKER

Eit overordna organ kan krevja å få lagt fram for seg ei sak som eit underordna organ har til handsaming etter delegert fullmakt.

1.4. RETT TIL Å LA VERA Å GJERA BRUK AV DELEGERT MYNDE

Den som har fått delegert mynde, kan overlata til overordna organ å ta avgjerder i særskilde saker.

1.5. OMGJERINGSRETT

Eit overordna organ kan av eige tiltak omgjera vedtak gjort av eit underordna organ i samsvar med § 35 i forvaltningslova.

1.6. KRAV TIL KVALITET OG SAKSBEHANDLING

Ei delegert sak har same krav til kvalitet og saksbehandling som om saka ikkje skulle avgjerast som delegert sak.

1.7. VIDARE DELEGASJON.

Dersom ikkje anna går fram, kan delegert mynde delegerast vidare i organisasjonen.

1.8. KLAGERETT.

Partar og andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga eit vedtak til klageinstans i samsvar med forvaltningslova. Om særlov eller kommunalt reglement ikkje peikar på klageinstans (enkeltsaker etter kap. kapitla IV-VI i forvaltningslova), er det formannskapet evt. kommunestyret som er endeleg klageinstans.

1.9. OPPDATERING AV REGLEMENTET.

Alle endringar og tillegg i delegasjonane skal takast inn i delegasjonsreglementet slik at dette til ei kvar tid er oppdatert.

KAP. 2 KAN IKKJE DELEGERAST

Kommunestyret skal sjølv avgjera saker som gjeld:

Etter [kommunelova § 6](#) er det kommunestyret som er kommunen sitt øvste organ og har dermed mynde til å treffa vedtak i alle saker som vedkjem kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov. I visse høve kan berre kommunestyret sjølv treffa vedtak. (Sjå elles tabell Kap 10.1 side 11.)

KAP. 3 DELEGASJON TIL FORMANNSKAPET

Formannskapet har det daglege samordningsansvaret for planlegging og økonomi forvaltning innan kommunen sitt ansvarsområde.

3.1. Generell delegasjon.

I medhald av kommunelova §§ 8 og 10 delegerer kommunestyret mynde til Formannskapet til å ta avgjerder i alle saker innafor sitt arbeidsområde som det etter same lov er høve til å delegera, og som kommunestyret ikkje har vedtatt å leggja til anna organ eller unntatt frå delegasjon. Formannskapet tilrår til kommunestyret i saker som har økonomiske konsekvensar for kommunen og saker som ikkje naturleg går inn under eit av utvala.

Formannskapet har dessutan delegert mynde etter [kommunelova § 13](#) i hastesaker. Formannskapet kan med heimel i denne paragrafen fatta vedtak i alle einskildsaker som delegert til andre politiske organ

om det er naudsynt ut fordi det ikkje vert tid til å kalla inn aktuelt organ.

Formannskapet fungerer også som næringsutval for kommunen, jamfør KS. /15 frå kommunestyremøtet 4. november 2015.

3.2. Delegasjon i økonomisaker:

Formannskapet skal gjennom året sjå til at budsjetttrammene vert haldne, og innhentar rapportar frå Utval for Drift og Samfunnsutvikling og Utval for Levekår om den økonomiske situasjonen. Moglege overskridingar av budsjetttramma vert førelagt kommunestyret i god tid.

Formannskapet skal godkjenna investeringsprosjekt, godkjent av kommunestyret, før oppstart. Vesentlege overskridingar av investeringsprosjekt skal leggast fram for kommunestyret. Formannskapet vert gjeve fullmakt til å erverva, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, eller avstå eller borthefta rettar i fast eigedom når eigedomen eller rettane har ein verdi under kr.6.000.000. Det same gjeld inngåing av leigeavtaler inntil kr.1.00.000 pr. år.

3.3. Delegasjon i personal- og organisasjonssaker.

Formannskapet forhandlar med rådmannen om lønsplassering og arbeidsavtale. Kommunestyret godkjenner resultatet.

(Sjå elles Kap 10.2, side 18)

KAP. 4 DELEGASJON TIL UTVAL FOR LEVEKÅR

Utvalet skal vera politikkkutformande på sitt felt, setja saker på dagsorden og aktivt fremja saker til kommunestyret. Helse, miljø, tryggleik og folkehelse skal vera i fokus i alle saker og prosessar.

4.1. Generell delegasjon:

I medhald av kommunelova § 10 delegerer kommunestyret mynde til Utval for Levekår til å ta avgjerder i alle saker innafor sitt arbeidsområde som det etter same lov er høve til å delegera, og som kommunestyret ikkje har vedtatt å leggja til anna organ eller unnateke frå delegasjon.

4.2. Delegasjon i økonomisaker.

Utval for Levekår har løpande ansvar for driftsbudsjettet for ansvarsområda barnehage, skule, lege og helse, pleie og omsorg og familievern, og kan omdisponera midlar innafor ramma og verksemda sine fastsette mål. Omdisponeringa må ikkje medføra vesentleg utviding av eksisterande tiltak, etablering av nytt tiltak, eller nedlegging av eksisterande tiltak. Overføring av midlar mellom sektorane vert førelagt formannskapet som referatsak. Utval for levekår disponerer dei tilleggsøyvingar som er lagt til utvalet.

Utval for Levekår skal, dersom det føreligg moglegheit for overskriding av driftsbudsjettet, snarast leggje dette fram for Formannskapet til orientering og seinare sak om nødvendige budsjettendringar og/eller gjennomføring av konkrete tiltak for å kutta utgiftene.

4.3 Formidlingslån Husbanken

Utval for levekår for Levekår ivaretek kommunen sine oppgåver i samband med formidlingslån i husbanken, inkl. lånevilkår ved låneopptak.

(Sjå elles Kap10.3, side 19).

KAP. 5 DELEGASJON TIL UTVAL FOR DRIFT OG SAMFUNNSUTVIKLING

Utvalet skal vera politikkkutformande på sitt felt, setja saker på dagsorden og aktivt fremja saker til kommunestyret. Helse, miljø, tryggleik og folkehelse skal vera i fokus i alle saker og prosessar.

Utval for Drift og Samfunnsutvikling skal iverksetja og følgja opp plan- og byggeprosjekt etter vedtak frå kommunestyret.

Utval for Drift og Samfunnsutvikling skal arbeida for å få miljø- og folkehelseperspektivet inn i alle saker, planar og prosessar. Vidare skal Utval for Drift og Samfunnsutvikling ta utgangspunkt i Landbruksplanen for Fjell, Sund og Øygarden, som i hovudsak har som mål om å ta vare på eksisterande landbruk og utvikla desse i tråd med sentrale politiske føringar.

Utval for Drift og Samfunnsutvikling skal forvalta tilskotsmidlar til landbruket etter budsjett. Kommunestyret delegerer oppgåver og mynde etter viltlova til Utval for Drift og Samfunnsutvikling.

5.1. Generell delegasjon:

I medhald av kommunelova § 10 delegerer kommunestyret mynde til Utval for Drift og Samfunnsutvikling til å ta avgjerder i alle saker innafor sitt arbeidsområde som det etter same lov er høve til å delegera, og som kommunestyret ikkje har vedtatt å leggja til anna organ eller unnateke frå delegasjon.

5.2. Delegasjon i økonomisaker

Utval for Drift og Samfunnsutvikling har ansvar for driftsbudsjettet for ansvarsområda teknisk plan- og forvaltning og teknisk drift og service, og kan omdisponera midlar innafor ramma og verksemda sine fastsette mål. Omdisponeringa må ikkje medføra vesentleg utviding av eksisterande tiltak, etablering av nytt tiltak, eller nedlegging av eksisterande tiltak. Overføring av midlar mellom sektorane vert førelagt Formannskapet som referatsak. Rådmannen vert gjeven høve til uttale. Utval for Drift og Samfunnsutvikling disponerer dei tilleggsføringar som er lagt til utvalet.

Utval for Drift og Samfunnsutvikling skal, dersom det føreligg moglegheit for overskriding av driftsbudsjettet, snarast leggje dette fram for Formannskapet til orientering og seinare sak om nødvendige budsjettendringar og/eller gjennomføring av konkrete tiltak for å kutta utgiftene.

Utval for Drift og Samfunnsutvikling har løpande ansvar for investeringsbudsjettet og kan omdisponera mellom investeringsprosjekt. Vilkåret er at omdisponeringa skjer innafor verksemda sine fastsette mål og investeringsbudsjettet sine rammer, og at omdisponeringa ikkje medfører vesentleg utviding av eksisterande tiltak, etablering av nytt tiltak eller nedlegging av eksisterande tiltak utover det som går fram av vedtatt budsjett

(Sjå elles Kap10.4, side 15 og kap 10.7 side 20).

KAP. 6 DELEGASJON TIL ANDRE UTVAL

6.1 Delegasjon til Kontrollutval

Kontrollutvalet skal føra tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, men [kommunelova](#) gir ikkje utvalet avgjerslemynde i enkeltsaker på vegne av kommunen. Kontrollfunksjonen kan ikkje overlatast til andre.

6.2 Delegasjon til Valnemnda

Valnemnda tilrår til kommunestyret val av nemnder, råd, styre og utval. Valnemnda førebur endringar i politisk organisering.

6.3 Delegasjon til Valstyret

Valstyret skal førebu og gjennomføra vala i kommunen. [Vallova](#) legg det meste av avgjerslemynde rundt vala til valstyret. Kommunestyret delegerer til valstyret mynde til å oppnemna stemmestyre og til å fastsetja kor mange stemmekrinsar kommunen skal delast inn i, jfr. vallova §§4-2 og 9-3.

6.4 Delegasjon til Administrasjonsutvalet i personal- og organisasjonssaker:

Administrasjonsutvalet skal behandla alle saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, men [kommunelova](#) gjev ikkje administrasjonsutvalet avgjerslemynde i

enkeltsaker på vegne av kommunen. Administrasjonsutvalet vedtek nye reglement, større revisjonar og strukturendringar av reglement, endringar i reglement som medfører at rettar for dei tilsette fell bort, endringar, tilføyningar som er underlagt arbeidsgjevar sin styringsrett.

Administrasjonsutvalet avgjer søknader som ikkje er dekkja gjennom reglementet og dispensasjonar frå reglementet. Administrative endringar i reglement vert meld til administrasjonsutvalet.

6.5 Delegasjon til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet handsamar og gjev uttale i alle saker som gjeld dei funksjonshemma sine levekår i kommunen. Dette gjeld også reguleringsplanar, budsjett og økonomiplan. Rådet er ikkje tillagt avgjerdsmynde på vegne av kommunen.

6.6 Delegasjon til Skattetakstnemnd

Skattetakstnemnda fastset skatteverdien på eigedomar som skal svare eigedomsskatt til kommunen. Forslag til skatteverdi vert utarbeida av besiktigelsesmenn utpeika av rådmannen, og vert lagt fram for nemnda for avgjerd. I dei saker som vert handsama i nemnda har den avgjerdsmynde på vegne av kommunen.

6.7 Delegasjon til Overskattetakstnemnd

Overskattetakstnemnda handsamar klager på skatteverdiar fastsett av skattetakstnemnda. I dei saker som vert handsama i nemnda har den avgjerdsmynde på vegne av kommunen.

6.8 Forliksråd

Øygarden kommune har inngått samarbeid med Fjell kommune og Sund kommune der kommunane no har eit felles forliksråd. Rådet fattar avgjerder i tvistar mellom private, og er ikkje ein del av kommunen sitt avgjerdssystem. Avgjerder i forliksrådet har verknad som dom og kan klagast inn for by- og heradsrett.

6.9 Overformynderiet

Denne oppgåva er no overteken av fylkeskommunen (vert nemnd som ei saksopplysning for denne valperioden og teksten teke bort i neste periode.)

6.10 Eldreråd:

Rådet kan handsama alle saker som gjeld levekåra for dei eldre i kommunen og er eit rådgjevande organ for kommunen, jfr. [eldrerådslova § 3](#). Dette gjeld m.a. reguleringsplanar, årsbudsjett og økonomiplan.

KAP. 7 DELEGASJON TIL ORDFØRAR

Ordførar er kommunen sin rettslege representant og skriv under på vegne av kommunen, dersom ikkje anna er vedteke. [Kommunelova](#) (§ 9.5) kan gje ordførar mynde til å treffa vedtak i enkeltsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell betyding, jamfør kap. kapitla IV-VI i forvaltningslova om enkeltvedtak.

(Sjå elles Kap10.5 side 20)

KAP. 8 DELEGASJON TIL RÅDMANN

8.1. Generell mynde.

Dersom ikkje anna går fram av lov, i medhald av lov, av reglement, instruksar eller andre vedtak i kommunestyret, har rådmannen mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betyding. Rådmannen har instruksjonsmynde overfor alle tilsette i samsvar med kommunelova § 23. Om kva som er av prinsipiell art seier Ot.Prp.Nr. 42 (91-92) m.a. følgjande: *”Hva som er av prinsipiell betyding må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser og ut fra kommunens eller fylkeskommunens størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlige praksis”*

Dersom rådmannen er i tvil om ei sak har prinsipiell / politisk karakter, vert spørsmålet om dette å leggja fram for ordføraren. Delegasjon til andre i administrasjonen enn rådmannen må vere heimla i særlover (t.d. kommunelege, brannsjef). Nærare presisering av delegering innan dei ulike ansvarsområda og lovene vert lista opp i oversynet bak i dette delegasjonsreglementet.

8.2. Personal- og organisasjonssaker.

Kommunestyret vedtek overordna organisatorisk struktur av administrasjonen.

Rådmannen har elles mynde til å utgreie og avgjere organisering innafor desse rammene:

- Rådmannen vert gjeven fullmakt til å oppretta, endra på og leggja ned stillingar innanfor gjevne ressursrammer, i samsvar med politiske føringar
- Rådmannen har mynde til å tilsetje i alle stillingar utanom rådmannsstillinga.
- Rådmannen har mynde til å vedta oppseiingar/ avskil.
- Rådmannen vert gjeven fullmakt til å fastsetje løn og som arbeidsgjevar gjennomføra forhandlingar, innafor gjevne ressursrammer.

8.3. Økonomi

